

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Sunniva Marøy Eriksen	Arkiv:	
Arkivsaksnr:	24/3693 24/3693-31		

Fastsetting av planprogram for arealplan

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan- og miljøutvalet	10.09.2025	051/25
Kommunestyret	25.09.2025	075/25

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre fastset planprogram for arealplan 2026-2038 i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

10.09.2025 Plan- og miljøutvalet

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

- PM051/25 **Vedtak:**

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre fastset planprogram for arealplan 2026-2038 i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

25.09.2025 Kommunestyret

Kan dere legge inn selve høringssvarene fra høringsinstansene, og ikke bare oppsummeringen av høringssvarene? Vi savner også svar fra administrasjonen på de innspillene som har kommet til planen - spesielt det rundt at planvask bør være et eget tema i planen. Det ser ikke ut som det er det nå.

Tilrådinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes vedtatt.

- **K075/25 Vedtak:**

Sula kommunestyre fastset planprogram for arealplan 2026-2038 i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

Kortversjon av saka:

Planprogrammet for arealplan har vore på offentleg høyring saman med kunngjering om oppstart av planarbeidet.

Det er gitt innspel frå både offentleg fagmynde, lokale verksemder og privatpersonar. Forslag som gjeld bruk av areal, først og fremst endring av arealføremål, påverker ikkje direkte planprogrammet. Desse innspela vil bli handsama gjennom prosess av revisjon av arealplan.

Saksopplysningar:

Planprogrammet blir utarbeida ved oppstart av ein større planprosess.

Planprogrammet beskriv mellom anna føremålet med planarbeidet, kva for tema som skal bli utgreidd, korleis medverknad skal skje og hva for framdrift som er planlagt.

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte 30.01.2025 å legge ut forslag til planprogram på høyring/offentleg ettersyn. Samtidig vart oppstarten av arbeidet med arealplanen formelt varsla.

Ved utløpet av høyringsfristen var det kome inn 22 innspel. Ei oppsummering av innspela og korleis kommunedirektøren har vurdert dei ligg i vedlegg "Planprogram arealplan - Oppsummering av høyringsinnspel". Alle innspel i sin heilskap er å finne i sak 24/3693 i kommunen si postliste.

I tillegg til ei vurdering av høyringsinnspela har kommunedirektøren lagt inn forslag til endring i framdriftsplanen. I høyringsforslaget var det lagt inn politisk sluttbehandling av arealplan i juni 2026, men basert på ei ny vurdering foreslår kommunedirektøren no politisk sluttbehandling vinteren 2026.

Vedlegget som er namngitt "Endeleg forslag til planprogram arealplan" er kommunedirektøren sitt forslag til planprogram for arealplan.

Økonomiske konsekvensar for Sula kommune, ref budsjett og økonomiplan

Planprogrammet i seg sjølv medfører ikkje direkte økonomiske konsekvensar, men vil legge føringar for det vidare planarbeidet, herunder behov for konsekvensutgreiingar og medverknadsprosessar som kan ha kostnadar for kommunen.

Juridiske konsekvensar

Planprogrammet er ikkje juridisk bindande for arealbruken, har likevel fleire juridiske og praktiske konsekvensar. Planprogrammet avklarar mellom anna kva som skal bli konsekvensutgreiid etter forskrift om konsekvensutgreiing. Kommunen er også bunden til å følge det opplegget som er fastsett. Dette inneber at medverknad,

offentlegheit og framdrift må skje som varsla. Kommunen kan med andre ord ikkje fravike frå planprogrammet vesentleg utan god begrunning og varsling.

Konsekvensar for innbyggjarane

Planprogrammet legg føringar for kva for tema som skal bli utgreia i det vidare planarbeidet. Dette kan få betydning for framtidig arealbruk og utvikling i kommunen, og kan dermed påverke innbyggjarar sine nærmiljø og mogegheit for medverknad. Tidleg og god medverknad er viktig for at innbyggjarar sine interesser og innspel kan bli vurdert i det vidare planarbeidet.

Vurderingar og konklusjon:

Fleire av innspela frå offentleg fagmynde støttar vurderingane som ligg til grunn i planprogrammet. Dei har likevel gitt innspel om tema der dei saknar henvisning til relevante planar/strategiar som kommunen må ta omsyn til i planarbeidet, tema som dei ønsker skal bli vurdert vidare og forslag til føresegner.

Fleire innspel gjeld konkrete forslag til endring av arealbruk. Desse innspela som ikkje gjeld planprogrammet som sådan vil bli vurdert og handtert i det vidare planarbeidet.

Kommunen har vurdert og handsama alle innkomne innspel. I tillegg har kommunen gjort endringar i framdriftsplanen som følge av ei ny vurdering av vidare framdrift og prosess. Endringar i planprogrammet som er gjort samanlikna med planprogrammet som var på høyring er markert i gult i vedlegget "Endringar samanlikna med høyringsforslag".

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at planprogram for arealplan 2026-2038 i tråd med vedlegget "Endeleg forslag til planprogram arealplan" blir vedtatt.

Tittel	Dok.ID
Endeleg forslag til planprogram arealplan	Acos.Møte.MellomlagFacade_Api.Models.DokumentVersjon
Planprogram arealplan - Oppsummering av høyringsinnspel	Acos.Møte.MellomlagFacade_Api.Models.DokumentVersjon
Endringar samanlikna med høyringsforslag	Acos.Møte.MellomlagFacade_Api.Mo

Tittel	Dok.ID
	dels.DokumentVer sion